

Nordmannen

**Mellom bakkar og berg ut med havet
heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus oppå deim.**

**Han såg ut på dei steinute strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss grender,
og så eiga me rudningen trygt.»**

**Han såg ut på det bårute havet;
der var ruskut å leggja ut på;
men der leika ein fisk ned i kavet,
og den leiken den ville han sjå.**

**Fram på vetteren stundom han tenkte:
Gjev eg var i eit varmare land!
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.**

**Og når liene grønkar som hagar,
når det laver av blomar på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingenstad venare sjå.**

Ivar Aasen

